

Oppsummering og fråsegn frå landmålar

Landmålar vurderer og gjev ev. kommentarar til: • løyve • rekvisisjonen • varsel om oppmålingsforretninga • førebuing av oppmålingsforretninga • oppmålingsforretninga • måle- og berekningsarbeid • fakturering • etablering/sletting av rettar • matrikuleringslysing • utsending av matrikkelbrev • klagerett og fristar

HKH Bygg og Eigedom AS har 07.06.2015 søkt om grensejustering av omlag 50 m² frå gnr 22 bnr 53 til gnr 22 bnr 52. HKH Bygg og Eigedom AS er grunneigar på begge eigedomane.

Oppmålingsforretning vart halde 27.07.2015. Ved forretninga møtte Helge og Knut Henanger for 22/52 og 22/53. Eigarar av naboeigedomane var ikkje varsla ved denne forretninga.

Yttergrenser for 22/52 før justering:

Gnr 22 bnr 52 vart etablert ved skyldskifteforretning 13.03.1954. Grensene mot naboeigedomane 22/46, 22/29, 22/95 og 22/53 vart oppmålt i samband med kartforretning 27.10.2009. Grensepunkt 22531 er gamal kross i fjell som er felles grensepunkt mellom 22/26, 22/52 og 22/53.

I følgje skyldskifte for 22/52 skal 22/52 og 22/26 ha felles grense 14,8m til kross i fjell i grensa mot 22/32. Denne krossen har ikkje vore mogleg å finna, men det var fleire restar etter gamle gjerdestolpar i jern i denne lina. Det vart bora ned eit nytt grensemerke i fjell (ved gamal steingard) som skal utgjera felles grensepunkt mellom 22/26, 22/32 og 22/52, grensepunkt 2252-1. Horisontalt mål mellom 2252-1 og 22531 er 14,47m.

I skyldskiftet for 22/52 står det at parsellen skal ha 8,3 m felles grenselina mot 22/32, og deretter 60 m felles grense mot bnr 61. I skyldskiftet for 22/61 står det at 22/61 har felles grense mot 22/52 i ei lengd av 59,3 m. Her er det ein differanse på 0,7 m og kommunen har brukt det kortaste målet 59,3m frå grensa til 22/46 til grensepunkt 2232-1. Her skal det ifølgje skyldskiftet for 22/32 og skyldskiftet for 22/61 vera kross i fjell, men den har ikkje vore råd å finna. Horisontalt mål mellom 2232-1 og 2252-1 er 8,24m medan det i skyldskiftet står 8,3m.

Kommunen har matrikkelført og retta opp grensa for 22/52 mot 22/26, 22/32 og 22/61 i samsvar med det som er skildra ovanfor.

Kommunen har ikkje retta opp grenselina mellom 22/26 og 22/32 ved denne forretninga. Knekken i denne grenselina er mest sannsynleg feil. I følgje gammalt jordskiftekart for utmarka på Mjåtveit frå 1887-88 skal det vera tilnærma rett line på grensa mellom bnr 1 og bnr 3 frå grensa til bnr 2 og nordover heilt til innmarka.

Yttergrenser for 22/52 før justering:

Grensa mot 22/13, 22/26 og 22/53 er fastlagt ved tidlegare forretning. Delelina mellom 22/53 og 22/95 er ikkje oppmålt tidlegare. Ved kartforretninga i 2009 der grensa mellom 22/29 og 22/95 vart klarlagt, vart det semje om at avstanden langs vegen til Mjåtveitstø mellom 22/29 og 22/26 skulle vera 53,6m. I følgje skyldskiftet for 22/95 skal grensa langs vegen vera på 24,7m og i skyldskiftet for 22/53 står det at 22/53 skal ha 32 m lengde langs vegen til Mjåtveitstø. Kommunen har lagt skylddelingsmål for 22/95 til grunn og rekna ut nytt umerka grensepunkt 2253-2 24,7m frå grensa til 24/95. Areal til 22/53 etter retting av deleilina mot 22/95 utgjer 1021,6 m².

Grensejustering mellom 22/52 og 22/53:

Det er to hovudvilkår for å kunne gjennomføra saka som ei grensejustering:

- 1: Det justerte arealet må ikkje overstiga 5% av den minste eigedomen.
- 2: Verdien av det justerte arealet må ikkje overstiga grunnbeløpet i folketrygda. (1G)

Ved oppmålingsforretninga vart det sett ned eit nytt grensemerke 3,3m frå grensepunkt 22531 i grenselina mot 22/26 (grensepunkt 2253-1). Ved utrekning av arealet i etterkant så syner det seg at dette arealet overstig 5%. Vi har difor rekna ut eit nytt umerka grensepunkt(2253-1A) på same lina som ligg 3m frå den gamle krossen. Det justerte arealet utgjer då trekanten 22531, 22951, 2253-1A. Arealet utgjer 49,5 m² dvs 4,8%
Kommunen legg til grunn ein kvadratmeterpris på 100 kr/m². Verdien av det justerte arealet utgjer då i underkant av kr 5000, dvs langt under verdigrensa på 1G.

Før kommunen kan matrikkelføra grensejusteringa, må eigar av 22/52 og 22/53 godkjenna justeringa med underskrift på protokollen.

Grensemålingane er utført med Topcon Hiper GNSS og tilfredsstillar krava til nøyaktighet som er sett i eigedomsstandarden. Pga at grensene mot 22/26, 22/32 og 22/61 er retta, vil protokollen også verta sendt til eigarane av desse eigedomane.

I samsvar med matrikkellova §46 kan det klagast på utføringa av forretninga. Klagefristen er tre veker.

Eigar av 22/52 og eigar av 22/53 godkjenner med dette grensejusteringa:


Eigar av 22/52


Eigar av 22/53

Sted

Frekhaug

Dato

29.07.2015

Underskrift

